

Det Kongelige Kultur- og kyrkjedepartement  
Postboks 8030 Dep.  
0030 Oslo

DERES REF

VÅR REF

DATO

04/1343  
gel

05. mai 2004

### OMDANNING AV NORSK SPRÅKRÅD

Me viser til brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet dagsett 20. januar 2004, og takkar for at Utlendingsdirektoratet fekk høve til å kome med ei uttale i samband med omdanninga av Norsk språkråd.

Etter avtale med seniorrådgjevar Ingvar Engen fekk UDI utsett høyringsfristen nokre dagar.

Med helsing  
for Utlendingsdirektoratet

Geir Løndal  
Informasjonssjef

Anne Nordskog  
Rådgjevar

## Omdanning av Norsk språkråd

I høyringsnotatet der Kultur- og kyrkjedepartementet inviterer UDI til å kome med ei uttale i samband med den pågåande omdanninga av Norsk språkråd, heiter det: "I prosjektskissen ble det likevel reist spørsmål om språksituasjonen for personer med fremmedkulturell bakgrunn bør inngå som et ansvar for den nye institusjonen. Departementet legger til grunn at det i forbindelse med etableringen ikke er aktuelt å tillegge institusjonen et slikt utvidet ansvar. Ikke minst har den uavhengige organisasjonsgjennomgangen vist at omdanningen av Norsk språkråd vil innebære så mange utfordringer av ulik art at det ikke er tilrådelig i utgangspunktet å utvide ansvarsrammene slik som antydnet i prosjektskissen".

I Noreg bur 340 000 personar der båe foreldra er utanlandskfødde, og om ein legg til personar der ein av foreldra er utanlandskfødde utgjer innvandarfolkesetnaden over ein halv million menneske - 11 prosent. (Oslo har over 20 prosent). For at personar med minoritetsbakgrunn skal kunne ta del i det politiske liv og vinne fram på arbeidsmarknaden er språkleg dugleik heilt avgjerande. Meir enn noko anna er språk nøkkelen til integrasjon (Jamfør Makt og demokrati – sluttrapport fra Makt- og demokratiutredningen).

Sett frå UDI si side, synest det difor heilt naturleg at språksituasjonen for personar med minoritetsbakgrunn bør vera ein del av ansvarsområdet for den nye institusjonen. UDI meiner det er mest føremålsteleg at Norsk språkråd sin erstattar fungerer som ein administrator og påskundar for ein samla, nasjonal språkpolitikk. UDI meiner det er naturleg at det nye organet konsentrerer seg om heile språkfeltet, og det synest svært uheldig å utelukke ein så viktig del av norsk språkpolitikk. Noreg gjeng mange utfordringar i møte i samband med språksituasjonen for personar med minoritetsbakgrunn. Mykje taler for at det er unaturleg med ei avgrensing som skissert i høyringsdokumentet, og truleg vil ei avgrensing føre til vanskar med å arbeide fram gode løysingar.

UDI meiner det er viktig å vurdere språksituasjonen i Noreg slik han er i dag, og samstundes ha auge for korleis språkstoda vil kunne koma til å utvikle seg dei næraste åra. UDI stiller seg bak Kultur- og kyrkjedepartementet sitt ynskje om å gjera Norsk språkråd om til eit meir utettervendt kompetanseorgan. Utover å røkte og normere det norske språket meiner UDI rådet bør ha tettare samband med omgjevningane enn i dag, og ta konsekvensen av at samfunnet er i stadig endring. UDI meiner Norsk Språkråd sin erstattar bør vera eit språk- og kommunikasjonsorgan med eit vidare mandat.

Ei av oppgåvene til Utlendingsdirektoratet (UDI) er å syte for at etniske og språklege minoritetar i Noreg får like mogelegheiter til å deltaka i samfunnet, til eit tenestetilbod på lik line som resten av folkesetnaden og til å ta del i dei demokratiske prosessane. Meir enn sju prosent av den norske folkesetnaden tilhøyrer etniske og språklege minoritetar med bakgrunn frå ikkje-vestlege land. Endå fleire har bakgrunn frå vestlege språkområde

i Norden, Europa, USA, Canada og Australia. Noreg har også fleire store minoritetsspråk knytt til dei nasjonale minoritetane, mellom andre kvener, skogsfinnar, jødar og dei samiske urfolkesetnadene.

UDI meiner det er på høg tid å inkludere dei språklege minoritetane i den norske språkpolitikken. Det er ikkje sikkert at ei minimumsnorm på 25 prosent nynorsk i alle offentlege publikasjonar er eit godt verkemiddel når ein skal kommunisere med folkesetnaden jamt over. Kan hende er dei meir føremålsteneleg å setje inn andre tiltak, til dømes eit enklare byråkratspråk og informasjon som blir presentert slik at personar som ikkje har etnisk norsk bakgrunn også oppfattar budskapen.

I somme tilfelle må offentlege instansar oversetje informasjon, skjema og andre dokument til ulike minoritetsspråk for å oppfylle krava i Forvaltingslova om opplysnings- og informasjonsplikt. I ulike skriftlege produkt vender UDI seg til svært ulike målgrupper. Informasjonen skal ut til den norske ålmenta, til offentlege styresmakter og instansar, fagpersonar og -miljø. UDI vender seg òg til einskilde grupper av eller heile innvandrarbusetnaden og til flyktningar og asylsøkjjarar som nett er komne. Det er lett å sjå at nokre av UDI sine målgrupper vil få problem med språket i informasjonsmateriell og ulike dokument dersom det bare føreligg på norsk. UDI gjev ut mykje informasjon som er oversett, ofte i om lag 15 språkutgåver. Norsk språkråd, slik rådet fungerer i dag, har ikkje vore oppteken med å registrere desse tilhøva.

Skal eit organ som Norsk Språkråd ha ei oppgåve i dette biletet, kan ein tenkje seg at rådet til dømes overvakar kor godt offentlege sektorstyresmakter kommuniserer med publikumet sitt. Til dømes vil nokre grupper ha mest nytte av å få informasjon på nynorsk, medan andre vil ha vanskar med å ta til seg innhaldet. Kan hende Norsk språkråd sin etterfylgjar bør søkje å medverke til betra kommunikasjon mellom det offentlege tenesteapparatet og brukarane, og på ein slik måte utvide verkefeltet til også å sjå på kommunikasjonen mellom det offentlege og publikum.

Eit slikt synspunkt kjennes naturleg for ei verksemd som UDI, med mandatet vårt og oppgåvene våre. Men ser ein på offentleg sektor generelt, har dei fleste eit språkleg heterogent brukargrunnlag særleg i dei store byane og i Oslo-området. Sett i samanheng med moderniseringa og effektiviseringa av offentleg sektor, vil eit slikt språk- og kommunikasjonsorgan vera eit nyttig støtteapparat. UDI ser at eit språk- og kommunikasjonsorgan kanskje òg kan ha nasjonale oppgåver i samband med å setje tolke- og oversettarfaglege standardar, i tillegg til å ta hand om standardar for utdanning til desse profesjonane.

I tillegg til å vera eit rådgjevande organ, ser UDI for seg at nyetableringa bør fungere som ein pådrivar for språkopplæring i grunnskulen.

UDI ynskjer å presisere at nemninga "personer med fremmedkulturell bakgrunn", slik det står i høyringsnotatet, ikkje er ein ålment godteken ordlyd. Dei ålment godtekne nemningane er "personar med minoritetsbakgrunn" eller "personar med innvandrarbakgrunn" jamfør Stortingsmelding 17 (96-97) om det fleirkulturelle Noreg. På grunn av dette er det uheldig at omgrepet blir nytta gjennomgåande i notatet.

